

Tilknyttede organisasjoner;



Vestnes kommune

Molde, 11 juli 2024

*Dette brevet sendes på vegne av Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Birdlife Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre Friluftsråd, DNT Romsdal, DNT Sunnmøre, Kristiansund og Nordmøre Turistforening, KFUK-KFUM speiderne, Norges Speiderforbund, Romsdal Kystlag, Molde Kajakklubb og 4 H Møre og Romsdal.*

## Uttale – søknad utviding av løyve for oppdrett av torsk på Vorpeneset i Vestnes kommune

Vi viser til høyring til søknad om utviding av matfiskanlegg for torsk ved Vorpeneset i Vestnes kommune med høyringsfrist 12 juli 2024.

**FNF Møre og Romsdal er djupt bekymra for at etablering av torskeoppdrett på Vorpeneset vil føre til negativ påverknad på villtorsken i fjorden slik som norsk tamlaks har øydelagt dei norske villaksbestandane. Ei utviding av lokaliteten etter så kort driftstid ser vi som dristig i høve til å følgje opp dei negative konsekvensane vi allereide veit om, samt dei konsekvensane vi fryktar kjem. Vi rår til å ikkje gje løyve til utviding av torskeoppdrettet på Vorpeneset, Vi rår også til å først behandle klagen frå Naturvernforbundet av 3 juli 2022 på det eksisterande løyvet for denne lokaliteten.**

Innleiingsvis må vi påpeike at det er særskild uheldig at vi må etterlyse denne saka hos Vestnes kommune då vi ikkje finn den korkje på kommunens nettside eller andre myndigheiter (statsforvaltar og fylkeskommune) si nettside. Det er særskild uheldig for medverknaden frå sivilsamfunnet i ein slik viktig prosess.



**Samarbeidsnettverk mellom natur- og friluftslivsorganisasjoner**  
moreogromsdal@fnf-nett.no | Idrettsvegen 2, 6413 Molde | tlf 46 43 14 27  
organisasjonsnummer 916 451 954 | www.fnf-nett.no/moreogromsdal

FNF Møre og Romsdal arbeider mellom anna for å bevare norsk natur og dei artar som lever der. Vi er djupt bekymra for opne oppdrettsanlegg i sjøen i det heile, der dei tamme dyra påverkar deira ville artsfrendar knytt til genetikk, sjukdom, livssyklus etc. Norske villaksstammar og norsk lakseoppdrett er noko vi diverre har alt for god kunnskap om knytt til negativ påverknad, og vi er redde for om den rødlista villaksen vil overleve i det heile. Torsk er ved sida av laks ein norsk signalart som vi er bekymra for om vil overleve, viss ein lar oppdrettsnæringa få fortsette å auke i storleik og omfang.

Ei stor utfordring med torskeoppdrett er at, i motsetning til laksen, vil torsken kunne gyte i oppdrettsanlegga. At torsk blir gyteklar kan ikkje kontrollerast med lys, og dermed vil gyting foregå i merdane. Rømming skjer stadig, og ein vil ikkje kunne forhindre at tamfisken blander seg med villfisken. Vi les at søkjaren meiner å kunne hindre oppdrettstorsken frå gyting i merdane, og det vil heller ikkje la seg gjere å selektere den ut ved gjenfangst da den gyter i ope hav.

Egg eller larver vil bli frakt med straumen over store avstander før dei bunnskår. Dette vil føre til stor spreidning og vil kunne resultere i stor innblanding av oppdrettstorsk med svakare genetikk i den opprinnelege ville torsken. Ingen veit nøyaktig kva konsekvensar dette kan få, men potensiale for skader på den verdifulle torskestammane vil vere overhengande. Det er det store verdier det er snakk om, og det vil kunne få store ringvirkningar for fiskerinæringa som fra tidenes morgon har vore ein berebjelke for bosetting langs kysten.

Vi les i eit utdrag fra Havforskningsinstituttet som gir kunnskapsgrunnlaget for mogleg påvirkning frå oppdrettstorsk og levandelagra torsk på villtorsk:

*«Barrieren for innkryssning mellom rømt oppdrettstorsk og villtorsk antas å være mindre enn for laks. Dette er fordi torsk har hele sin livssyklus i det marine miljø, gytemoden torsk er allerede på gyteplassene, egg og yngel kan spres over større avstander, og rømt torsk kan umiddelbart interagere med alle årsklasser av vill torsk. I tillegg er det ingen naturlige fokusområder for gjenfangst på samme måten som i lakseelvene – dette er faktorer som er viktig i risikohåndteringen.»*

Interessant er det også å merke seg at bare tilstedeværelsen av merder med torsk har fått villtorsk til «å sky» gytefelt da den kan «lukte» stor tetthet av fisk.

I tillegg har vi spreidning av sykdomsfremkallende organismar – parasitter, bakterier og virus. I Norge kjenner vi til over 100 parasittar som er forbundet med torsk. Lista over problemer med denne typen oppdrett er lang. Meir kunnskap finnast på nettsida til Havforskningsinstituttet (sjå <https://www.hi.no/hi/nettrapporter/rapport-fra-havforskningen-2021-22>).

Oppdrett av torsk meiner vi difor vil ha eit stort omfang av skadeverknader. Dette gjeld for artar i område med umiddelbar nærleik, og for tilknytta næringar. Med de forskningsresultata som foreligg, burde det ikke være tvil om at føre-var-prinsippet burde gjelde. Med tanke på det noværende kunnskapsgrunnlag vil torskeoppdrett gi vesentlege irreversible skader på naturmangfoldet. Om vi skal fortsette å verdsette etablerte artar og konvensjonelt fiske etter skrei eller kysttorsk, er tida inne no for å si klart fra slik at det ikkje er nokon tvil om kva vi skal verne om. Da må omsynet til dei opprinnelege artane gå foran omsynet til oppdrettsnæringas ønskje om vidare vekst.

Torskoppdrettsanlegget på Vorpeneset har vore i drift i kort tid, sia oktober 2022. Søkjaren seier i søknaden om utviding frå dagens 3599 tonn til 5800 tonn (auke på 2201 tonn, 61 % auke) mellom anna at *«det har vært svært gode resultater for både fiskehelse og drift ved lokaliteten»*. Ja, vi skulle ønskje at søkjaren her hadde føyd til natur. Vi meiner at dette er for kort tid til å måle eventuelle skadelege effekter på naturen i fjorden. Vi les også at miljøundersøkingar på staden i den korte tida anlegget har vore i drift, allereide viser dårleg tilstand. Vi les at søkjaren tolkar desse resultata på denne måten;

*«Miljøundersøkelsene viser at driften ved anlegget har noe innvirkning på bunnforholdene under anlegget, men påvirkningen synes å være begrenset da de fleste prøvene kommer ut med beste eller nest beste karakter. Vi mener det er grunnlag for en økt produksjon på lokaliteten.»*

Ja, det jo bra at det er myndighetene som styrer korleis vi skal tolke resultata av desse undersøkingane, ikkje søkjaren og den søkjaren sett til å tolke resultata.

Vi les i søknaden at det er iverksatt tiltak for å kontrollere kjønnsmodning hos torsken som produserast; *«Gode rutiner og prosedyrer for overvåkning av kjønnsmodning er innarbeidet, med spesielt fokus på sensitive perioder hvor villtorsk gyter, for å redusere risiko for at oppdrettstorsk blander seg med villtorsk.»* I denne samanheng står det lite om dei dårlege tala knytt til røming av torsk frå mæraner generelt og konsekvensane av kva som skjer med vår unike torsk då? Vi fryktar at det berre er snakk om tid før vi kjem til å oppleve ei ny røming frå eit torskeoppdrett som på Vorpeneset.

Vi har føre-var prinsippet i Naturmangfoldslova som tilseier at er ein usikker på konsekvensane av eit inngrep i naturen, så let ein det vere. Vi meiner at her skal usikkerheita tale til naturens fordel, og ein skal difor først sjå konsekvensane av det gitt løyvet før ein vurderer ei utviding.

Elles synes vi det er er uheldig at klagen frå Naturvernforbundet av 3 juli 2022 (det er over to år sia, sjå vedlegg) enno ikkje er saksbehandla før vi må ta stilling til ein utvidingssøknad for oppdrettslokaliteten på Vorpeneset. Vi har utfordring med å sette dette i relasjon til vår forvaltningslov, naturmangfaldslov og anna lovverk, – det er vel meir ei sak for Sivilombodet.



Videre støtter vi uttalen frå elveeigarane i elvane i Rauma, som påpeker mange faktorar og gode eksempel på kor stor påverking eit slik oppdrettsanlegg har på vår nasjonale laksefjord, spesielt trusselen mot villtorsk, villaks og sjøaure, men også generelt heile naturmangfaldet i fjorden.

Vi ber derfor Vestnes kommune om å avslå søknaden om utviding av torskeoppdrett på Vorpeneset, inntil kunnskapsgrunlaget for påverking av torskeoppdrett er betre utgeia.

Helsing

**Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal**

*Ingbjørn Bredeli*

Fylkeskoordinator  
FNF Møre og Romsdal

Vedlegg;

Klage frå Naturvernforbundet av 3 juli 2022 på tillatelse for oppdrett av torsk på Vorpeneset

Kopi:

Rauma kommune

Møre og Romsdal fylkeskommune

Statsforvaltar